



## TAKK FOR I ÅR!

Me ønsker alle lag, organisasjonar, arrangement og frivillige ein riktig god jul og eit godt nytt år! Måtte de få ein hyggeleg juletid og eit minnerikt 2024. Tusen takk for innsatsen i året som har gått!

I januar 2024 takkar kultursjef Markus Dvergastein for seg i Ål kommune. Han skal vidare på nye eventyr og me kjem til å savne han. Me takkar han for det gode arbeidet han har lagt ned for kulturkommunen og ønsker han lukke til vidare!

I perioden januar-april vil det difor vere begrensa kapasitet på kulturkontoret. Rutineoppgåver og hastesaker vil bli prioritert. Kultursjefvikarar er Karsten Popp Dideriksen og Trond B Augunet.



## DETTE SKJER!

29. desember  
Gullhagen Julecup

30. desember  
Nyttårsopera på Sehl

25.-27. januar  
Sundreball

19.-24. februar  
Ice Music Festival

25. februar  
Gaurhovdrennet

15.-17. mars  
BAMA Alpinfestival

23. mars  
Hallingspretten

29. mars  
Påskeklang på Sehl

Sjå fleire, og registrer ditt arrangement på [kvaskjer.hallingdal.no](http://kvaskjer.hallingdal.no)

## BUA UTSTYRSSENTRAL

I BUA Ål kan du låne alt av sports-, tur- og fritidsutstyr til barn og vaksne heilt gratis. Det er ikkje mogleg å reservere, men du kan sjå kva som er tilgjengeleg [her](#). Utstyret kan du låne i 7 dagar.

BUA har to filialar:

Ål Kulturhus (ope tysdagar og torsdagar 15:00-18:00)

Samhald i Leveld (ope heile døgnet, sjølvbetjent)

Me ventar også i spenning for at BUAs tredje filial skal opne i Oppsjø vasspark! Meir info kjem når denne er klar.

## VIKTIGE FRISTAR:

Søknadsfrist kulturmidlar 15. desember  
Søknadsfrist arrangementstilskot 15. desember  
[Søknadsskjema finn du her](#)

## OPNINGSTIDER I ROMJULA:

Tingstugu servicetorg:  
25.12 - 26.12 Stengt  
27.12 - 29.12 kl. 10:00-14:00

Kulturkontoret har ferie.

BUA Ål Kulturhus:  
28. desember kl. 15:00-18:00

